

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 28.09.2016
FRÅ: Kst. administrerende direktør Ola Rye
SAKSHANDSAMAR: HR og organisasjonssjef Berit Berntsen
SAKA GJELD: **Årsplan for styret 2017**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **050/16**

STYREMØTE: **04.10.2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2017.

Oppsummering

I forslaget til årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2017 er det lagt opp til i alt 6 styremøter. I første styremøte for året (februar) har styret tidligere år fått førelagt forslag til årsmelding og årsregnskap med notar. No legg ein i staden opp til å presentere årsresultat for 2016 i dette møtet. Styret får endeleg Årsmelding og Årsregnskap til handsaming i styremøte i mars.

Det er lagt opp til to styreseminar, det fyrste i februar i samband med eventuell prosess for etablering av nasjonalt sjukehusapotekføretak og i oktober i samband med styreseminar i Helse Vest.

I oversikten er det lagt inn styreseminar for RHF-styret og HF-styra 7- 8 mars i Stavanger der heile styret er invitert til å delta. Det er og styreseminar i regi av Helse Vest 3. oktober. Her deltek berre Styreleiarar og AD. I RHF-styremøte 2. oktober 2016 skal SAV sin aktivitet for RHF-styret, er det og berre Styreleiar og AD som deltek.

Sidan tal styremøte er redusert samanlikna med tidligare år foreslær ein å gjennomføre fysiske møter. Administrasjonen vil etter vedtak av møteplanen omgåande sende ut outlook-invitasjon til styremøta.

Møteplanen vil bli grunnlag for utarbeiding av interne møteplanar for SAV leiarmøter.

Vedlegg

1. Årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2017